

Kvinnherad kulturskule

Læreplan for

PIANO



1. Om Kvinnherad kulturskole

Kvinnherad kulturskule er eit offentleg eigd og drive tilbod til barn og unge i Kvinnherad kommune. Målgruppe er born i barnehage, elevar i grunnskule og vidaregåande skule, born og vaksne med spesielle behov og det lokale musikklivet i kommunen. Føremålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskulen har også til oppgåve å kvalifisera elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge si meistring og danning, fremme respekt for andre kulturar, bevisstgjera eigen identitet, verta kritisk reflekterande og utvikla eigen livskompetanse. Kvinnherad kulturskule er forankra i opplæringslova § 13-6 som vart vedteke i Stortinget 5. juni 1997: «*Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles*».

Kvinnherad kulturskule er eit ressurs- og kompetansesenter for kultur- og kunstfag i Kvinnherad kommune. Kulturskulen tilbyr opplæring, oppleving og formidling innan fagområda kunst, dans, musikk og teater. Tilbod og omfanget av undervisninga fastsettes av den økonomiske ramma til kulturskulen som kommunen løyver. Både drift og undervisning i Kvinnherad kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) som ble vedtatt av kommunestyret 15.12.16.

Kontaktinformasjon:

Kontaktpersonar: Kirill Zimin (rektor/einingsleier)

E-post: kirill.zimin@kvinnherad.kommune.no

Telefon: 53 48 34 31

Post- og besøksadresse: Sentrumsvegen 35, 5460 – HUSNES

Heimeside: www.kulturskulen.kvinnherad.no

2. Om den lokale læreplanen

Lokal læreplan er eit dokument som definerer gapet mellom Rammeplan for kulturskulen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) og lokal praksis i Kvinnherad kulturskule. Læreplanen gjev rammer for innhaldet i opplæringa i det enkelte faget, skildrar føremålet med faget, samt sikrar eit langsiktig innretta tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet i kulturskulen. Læreplanen inneheld m.a. krav til den kompetansen eleven skal tileigna seg i faget. Kompetansemålene uttrykkjer kva eleven skal kunna på ulike nivå og 3 ulike program: *breiddeprogram*, *kjerneprogram* og *fordjupingsprogram*. Læreplanen viser òg ei lokal verdiplattform og vert felt overordna satsingsområde for Kvinnherad kulturskule. Målgruppe er lærarar, politisk og administrativ leiing i kommunen, og dessutan elevar og foreldre som kan bruka den lokale læreplanen for å sjå kva dei kan forventa at eigne barn skal læra på kulturskulen og kva for kompetanse dei får i opplæringa.

3. Instrument/utstyr

Pianoet er eit populært tangentinstrument som har hatt stor innverknad på musikarar og publikummarar i fleire hundre år. Pianoet slik me kjenner det i dag, fekk si form for over tre hundre år sidan. Takka vere det store volumet og den rike klangen, er pianoet mykje brukt både som soloinstrument og saman med orkestre. Den unike mogelegheita for fleirstemmighet i oppbygginga av melodiar og harmoniar, gjer at pianoet kan sjåas som eit lite orkester i seg sjølv. Pianoet spelar og ei viktig rolle i ensemble med songarar og ulike instrumentbesetningar.

Innkjøp av eit piano gir store mogelegheiter for musikalsk læring og utvikling som ein kan ha glede av heile livet. Som eit alternativ har utviklinga av digitalpiano og økt mogelegheita for å

lære å spele piano. Dagens digitalpiano er gjerne av god kvalitet, med fullt klaviatur og vekta tangentar. Det er eit plassvennlig alternativ til eit vanlig piano, og ein kan og nytte hovudtelefonar slik at ein kan øve utan å forstyrre andre.

4. Målgruppe/ alder/ inndeling

I Kvinnherad kulturskule kan ein vanlegvis byrje å ta pianotimer frå ein er 8 år gammal. Elevar kan imidlertid utvikle læring, motivasjon og spilleglede frå dei er yngre. Det er og ein fordel om ein har piano heime som ein kan venje seg til å spele på frå ein tidleg alder.

5. Organisering av undervisninga

Pianoundervisninga er vanlegvis organisert som ein-til-ein undervisning med 22,5 minutters time ein gang i veka. Det er også mogeleg å ha undervisning i grupper på 2-4 elevar og med lengre undervisningstime. Pianoundervisninga finn vanlegvis sted på kulturskulesenteret på Husnes og på Malmanger skule i Rosendal. Det kan også være mogelegheit for pianoundervisning på Halsnøy, Uskedalen og Hatlestrand skule, avhengig av kapasitet det enkelte skuleåret.

6. Eigenøving

Eigenøving heime er den viktigste delen hvis ein vil utvikle seg og bli en dyktig musikar. Eleven bør øve jamnleg og helst kvar dag, gjerne til ei fast tid slik at eigenøvinga blir etablert som ei fast rutine. Foreldre kan oppmuntre eleven til å øve ved å lytte på stykkene og gjerne be elevene spele leksene for dei. På undervisningstimane viser læraren ulike øvingsmetodar og korleis ein kan jobbe med ulike utfordringar avhengig av det enkelte stykket. Ved å spele sakte, grundig og repetere mange gonger, kan ein utvikle eit godt teknisk grunnlag som ein kan byggje vidare på.

7. Konserter/opptredener

Konserter og opptredener er ein viktig del av den musikalske utviklinga som elev i kulturskulen. Kvinnherad kulturskule arrangerer store elevkonsertar to gonger i året, før jul og før sommaren, der elevane får tilbod om å fremføre stykker de har jobba med. Førebuing til

konsert gjeres i samarbeid med læraren i løpet av semesteret, der ein jobbar både med framføring av sjølve stykket og kva ein skal gjere på scenen før og etter ein har spilt. Evaluering av eigen framføring og konsertoppleving er viktig for den vidare musikalske utviklinga, der utvikling av spilleglede og sjølvtilit står sentralt i arbeidet. Konserter er også ei viktig kilde til inspirasjon ved at ein får høyre medelevar og andre instrumentalister spele.

8. Evaluering/tilbakemelding

Evaluering av elevanes læring gjeres kontinuerleg på undervisningstimane i piano. Tilbakemelding og vurdering av elevens innsats og læring er viktig for at eleven skal kunne utvikle nye ferdigheiter på instrumentet. Det er også viktig å lære korleis ein kan møte motgang på ein hensiktsmessig måte. Øving gjør mester, og læraren bør oppmuntre eleven til stadig innsats og vidare arbeid.

I løpet av vårsemesteret vil det bli haldt ein utviklingssamtale der lærar gir tilbakemelding på elevens progresjon i løpet av skuleåret. Til denne samtalen møter eleven saman med foreldra sine, og her vil læraren ta opp ulike forhold som innsats, ferdigheiter og musikalsk utvikling.

9. Mål for undervisninga på kjerneprogram, organisering

Begynnernivå

Begynnernivået i piano starter det første året ein tar pianotimer, og fortsett gjerne de neste to-tre åra. Foreldrenes støtte og oppmuntring til eigenøving er svært viktig på dette stadiet. Daglig eigenøving gir raskere fremgang og resultater, og gjer at ein raskere kan komme opp på neste nivå. På begynnernivået lærer ein grunnleggjande ferdigheiter i pianospill som notelesing, akkorder, rytme, fingersetting, sittestilling og pedalbruk m.m. Motivasjon, meistring og speleglede er også sentrale element for elevens møte med pianoet. Gode ferdigheiter på dette nivået er eit viktig grunnlag for den vidare utviklinga til både mellomnivå og vidarekomment nivå.

Mellomnivå

På mellomnivå jobber eleven med å videreutvikle ferdighetene ein har tilegna seg på begynnernivået. På dette nivået er det også fint å utvikle ferdigheiter i samspel med andre, for eksempel ved firehendig pianospel, eller ved at ein speler i små ensembler med andre musikere. Stykker som elevene sjølv ønsker å lære seg å spele, kan med fordel jobbes med for å utvikle spontanitet og individuelle preferansar. Eigenøving og oppmuntring fra foreldre er et fortsatt viktig element på dette nivået.

Viderekomment nivå

På vidarekomment nivå fordyper eleven seg i musikkutøving og musikkhistorisk forståing, ofte med fokus på klassisk musikk. Ein jobbar med frasering og artikulering for å skape ulike klangbilder og variasjon i stemningar.

På dette stadiet har eleven fått ei mer spesialisert forståing av pianospel og ein kjenner gjerne til fleire musikkjangre og har utvikla ei mer nyansert stilforståing. Ein kan med fordel også jobbe med komposisjon og improvisasjon, både aleine og saman med andre musikare.

Eleven arbeider også meir i dybden med korleis ein kan bruke hendene og kroppen for å få frem ein mest mogeleg fordelaktig klang og dynamikk. Desse elementa er også sentrale i konsertførebuing og konsertframføring. På dette stadiet er rutiane knytta til eigenøving forhåpentleg godt etablert, og desse må oppretthaldas for vidare utvikling i pianospel.

10. Mål for undervisninga på fordjupningsprogram, organisering

På fordjupningsprogram kan elevane få 30 minutters pianoundervisning i kulturskulen. Dette programmet er for elevar som er komne til et høgt vidarekomment nivå, og som ynskjer å vidareutvikla seg som pianister. På dette stadiet kan ferdigheiter i musikkteori og prima vista lesing også være ein fordel for å søke vidare på musikklinje eller høgare musikkstudier etter endt skolegang i kulturskulen.

Se heimeside for meir informasjon om søknad til fordjupingstilbodet i musikk.

11. Forventningar / krav til elevar

Det er forventet at elevene øver jevnlig og grundig mellom undervisningstidene for å kunne utvikle seg som musikere. Foreldres oppmuntring og støtte av innsats tyder mye for at elevene skal kunne opprettholde øving og utvikle seg over tid. Ved å øve og stille godt forbud til timene, kan elevene få mest mulig ut av undervisningstiden i kulturskolen og forhåpentlig utvikle spilleglede og musikalsk motivasjon som de kan ha med seg hele livet.